

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Klagenemnd	

Sakshandsamar:	Miljø og tilsyn	Tone Furustøl
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 20/2350 Klassering:

Klage på avslag på utsleppsløyve - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 19/1820, datert 18.11.2019 vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5.

SAKSUTGREIING

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 181/11 (eitt bustadhus) og gbnr 181/1 (to bustadhus).

Adresse: Vassbygdvegen 482 -gbnr 181/11. Vassbygdvegen 484 og 486- gbnr 181/1.

Tiltakshavar/eigar: Olav Thorsheim

Klagar: Harris Advokatfirma AS på vegne av tiltakshavar

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 19/1820, datert 18.11.2019 om nytt utsleppsløyve for eigedomane gbnr 181/1 og gbnr 181/11. Det er søkt om utsleppsløyve til felles minireinseanlegg av typen Klargest biodisc med etterpolering der utsleppet skal gå vidare til etablert jordbruksgrøft. Det skal installerast vassklosett på gbnr 181/11 som ikkje har vassklosett i dag. Utsleppet sin storlek er oppgitt til 15 pe.

Utsleppsløyve skil mellom løyve til utslepp av svartvatn og løyve til utslepp av gråvatn. Svartvatn er utslepp frå toalett, dvs. kloakk. Gråvatn er utslepp av avløpsvatn frå kjøkken, vask og dusj.

Søknaden gjaldt oppgradering av godkjend utsleppsløyve for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve for eit bustadhus på gbnr 181/1. Bustadhusa på gbnr 181/1 har i dag utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 181/11 har i dag godkjend utsleppsløyve for gråvatn. Det er i søknaden gjort greie for at oppgradering av utsleppet frå bustadane på gbnr 181/1 føreset at det vert gitt utsleppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11. Det var lagt til grunn i avslaget at når

søknaden om utsleppsløyve for eigedomen gbnr 181/11 vart avslått var det ikkje grunn for administrasjonen å handsama søknaden om oppgradering av utsleppsløysinga for gbnr 181/1.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«*Med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, vert det ikkje gjeve utsleppsløyve for gbnr 181/11.*

Då ansvarleg søker har gitt melding om at oppgradering av avløpsanlegget for gbnr 181/1 føreset at det vert gitt utsleppsløyve for gbnr 181/1 finn vi ikkje grunn til å handsama søknaden for denne eigedomen.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av vurderinga over.»

Klage

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over delegert vedtak, datert 18.11.2019, i sak 19/1820 den 13.12.2019.

Klagerett og klagefrist

Som part i saka har man klagerett.

Klagefristen er 10.12.2019. Klagen er datert 10.12.2019, og mottatt av kommunen den 13.12.2019. Kommunen har lagt til grunn datert klage då tiltakshavar først mottok vedtaket den 25.11.2020. Klagen er mottatt innan fristen.

Klagehandsaming

Saka blir behandla i møte den 17.03.2020. Klagenemnda si handsaming er endeleg. Vedtaket kan ikkje påklagast.

Saka skal avgjerast av klagenemnda. Dersom klagenemnda er positiv til at det vert gjeve utsleppsløyve i saka, ber vi om at saka vert sendt tilbake til administrasjonen for utforming av vedtak med naudsynte vilkår for å ivareta krava i forureiningslova.

Forholdet mellom søknad om utsleppsløyve og søknad om løyve til å etablera tiltaket

Administrasjonen orienterer kort at søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova krev også søknad om løyve til å etablera tiltaket (slik som avløpsanlegget og tilhøyrande stikkledninga) etter plan- og bygningslova, dvs. byggjeløyve. Etablering av avløpsanlegg for eigedomen kan vera i strid med arealføremålet og krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon. Ytterlegare nabovarsling kan også vera nødvendig.

Mottatt uttale i klagesaka

Det er mottatt følgjande uttale frå miljøretta helsevern ved kommuneoverlege den 25.02.2020:

«Saka gjeld auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn på gbnr 181 /1 1. Utsleppet vil vere innafor sikringssona til hovuddrikkedrikkevasskjelda i kommunen.

Miljøretta helsevern har lese igjennom dokumenter i saka.

Kommunen har som oppgåve å sikre innbyggjarane god drikkevasskjelde, og vi ser at auka utsleppsløyve kan gje auka risiko for forureining av hovuddrikkevasskjelda i kommunen.

Miljøretta helsevern har vurdert avslaget frå kommunen, og har vurdert at avslag om utsleppsløyve vert oppretthaldt. Risikoen for forureining av hovudvasskjelda i kommunen, og dei konsekvensar det kan medføre er i ikkje i samsvar med gjeldande forskrifter.

Vurderinga er utført jamfør; Forskrift om miljørettet helsevern § 2 og Drikkevannsforskriften §4.»

Det er mottatt følgjande uttale frå avdelingsleiar , Forvaltning. Samferdsel veg, vatn og avløp (teknisk drift) den 25.02.2020:

«Krava til drikkevassforsyning, samt sikring og vern av vasskjeldene, har eit stadig større fokus, særleg etter at drikkevatnet i Askøy vart forureina og to personer døde samst at 2000 personar vart syke summaren 2019. I drikkevannsforskriften frå 1. januar 2017, der det i paragraf 4 er nedlagt eit generelt forbod mot å forureine drikkevann og der forbodet også gjeld all aktivitet som medfører fare for slik forureining. Saman med det rettslege rammeverket skal dei gjeldande føresegner knytt til kommuneplanen sin arealdel og klausuleringsføresegnene for området ivareta dette.

Saka gjeld auka utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn på gbnr 181/11. Utsleppet skal etablerast innafor sikringssone H110_sD03 som er nedslagsfelt til hovuddrikkedrikkevasskjelda i Lindås kommune. Innafor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje godkjennast tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg rette for auka bruk, jf. føresegr 4.1.1. og 3.5.13 i kommuneplanen Lindås sin arealdel 2019-2031. Kommuneplanen vart godkjent den 15.10.2019. Å oppgradere utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn inneberer ein vesentleg auke av eksisterande utslepp. I følgje føresegr 4.1.1 må tiltak også forholda seg til klausuringar som gjeld for drikkevatn. Eit auka utslepp for eigedomen er heller ikkje i samsvar med § 4 i klausuleringsføresegnene der det er fastsett at bustadar og hytter innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært skal ha biologisk klosett utan avløp. Med ny kommuneplan vert vurderinga enda strengare og innskrenkar adgangen til auke av eksisterande utslepp i vesentleg grad. Kommunen vil ikkje tilrå at eigedomen gis auka utsleppsløyve.

I sak 18/1075 i Lindås kommune med gbnr 182/8 var det søkt om utskifting av eksisterande avløpsanlegg til minirenseanlegg. Eigedomen hadde eit godkjent utsleppsløyve for svartvatn frå gammalt av. Det var same type utslepp, men med ny reinseløysning. Det var i saka gjeve positiv uttale frå teknisk drift på vilkår. Saka er no

avslutta utan vedtak. Søknaden vart vurdert opp mot gammal kommuneplan. Ved innsending av ny søknad frå gbnr 182/2 vert søknaden vurdert på ny opp mot planstaus i ny kommuneplan og klausuleringsføresegnene som kan gje ein endra vurdering frå teknisk drift.»

Planstatus

Kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 gjeld for området. Planen vart godkjend i møte i kommunestyret 15.10.2019. Eigedomane ligg innanfor sikringssone H110_sD03 som er nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune (Storavatnet). I samsvar med føresegn 4.1.1 er drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H110) med vedtekne klausular for bruk, bandlagt og skjerma. Det er ikkje tillat med tiltak som er i strid med drikkevannsforskrifta, jf. føresegn 3.5.13.

Det er forbod mot å forureina drikkevatn. Forbodet omfattar alle aktivitetar, frå vasstilsigsområdet til tappepunktta, som medfører fare for at drikkevatnet blir forureina. Innanfor nedslagsfeltet kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.

Tiltak innanfor sona må og forholda seg til gjeldande klausuleringer for området.

Historikk


I 2015 handsama kommunen ein tilsvarande søknad om utsleppsløyve frå gråvatn til svartvatn for gbnr 181/11, der utsleppet skulle reinsast i minireinseanlegg. Det var ikkje søkt om oppgradering av utslepp for dei to bustadhusa på gbnr 181/1. Det var gjeve avslag på utsleppsløyve. Klagen vart ikkje tatt til følgje. Det vart gjeve endeleg avslag på søknad om utsleppsløyve for gbnr 181/11 i sak 16/378 , datert 12.06.2017 i klagenemnda.

Det vert vist til saksframlegget i sak 16/378 , datert 12.06.2017 i sin heilskap som følgjer vedlagt.


Då noverande søknad for gbnr 181/11 og 181/1 viser noko endra plassering av avløpsanlegget i forhold til søknaden frå 2015 og inkluderer oppgradering av avløp for dei to bustadhusa på gbnr 181/1, la administrasjonen til grunn at det var ein ny søknad som skulle handsamast.

Kart/foto

Grunnkart



Utsnitt kart KPA med sikringssone – nedslagsfelt drikkevasskjelde



Utsnitt situasjonskart, datert 14.06.2019



Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klagar viser til gbnr 182/8 som har søkt om å få etablere same type avløpsanlegg som tiltakshavar. Teknisk etat har tilrådd godkjenning av etablering av tiltak under føresetnad at tekniske tilhøve vart ivaretatt. I følgje klagar er det uforståeleg at kommunen er positiv til denne eigedomen som har eksisterande tett tank, men ikkje til omsøkte eigedom som skal ha ein ny avløpsordning som det er gjeve positiv tilråding til.

I tillegg vert det vist til klauseringsskjønnet til Storavatnet. Det er adgang til å oppgradere til dagens standard med installering av vassklosett, jf. føresegn §1. Det er ikkje mogleg å vedta ein kommuneplan som grip inn i desse rettane utan at erstatningsplikt trer inn.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

VURDERING

Søknader om utsleppsløyve med storlek inntil 50-pe skal handsamast etter reglane forureiningslova paragraf 11, jf. forureiningsforskrifta §12-3 og 12-5.

Etter § 12-3 i forskrifta kan ingen setja i verk nye utslepp eller auka utslepp vesentleg utan at løyve er gitt i medhald av §12-5.

Etter forurensningsloven § 11 første ledd første punktum «kan» forureiningsmyndigheten etter søknad gi løyve til virksomhet som kan medføre forurensing. Vurderinga av om løyve skal gis, ligg innanfor forvaltningas frie skjønn.

§ 11 femte ledd slår fast at det ved avgjersla av om løyve skal gis, skal leggast vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket, sett i forhold til dei fordeler og ulemper som tiltaket vil medføre.

Det vert i klagan vist til at kommunen ikkje kan avslå søknaden om utsleppsløyve med heimel i klausuleringsføresegnene og at det ikkje er nokon restriksjonar i dei i forhold til at bustadhusa kan søkja om utsleppsløyve og få oppgradert avlaupsanlegga sine, jf. paragraf 1 der det mellom anna står at fornying av bygningane kan skje ved elde. Vidare at det ikkje er mogleg å vedta ein kommuneplan som griper inn i desse rettane utan at erstatningsplikt påløper.

Administrasjonen deler ikkje klagar si forståing av bestemmelsen. Klausuleringsføresegnene legg begrensninger på eigar sin rett til å disponere over eigedommen. Bestemmelsen i § 1 om at fornying av bygningane kan skje ved elde gjeld vedlikehald av bygningsmassen, som skifte av kledning, vindauge tak og liknande arbeid. I § 4 er det fastsett at bustadar og hytter innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært skal ha biologisk klosett utan avløp.

Slik administrasjonen forstår bakgrunnen for innhaldet i § 1, gjev denne ingen føringa for omsøkte utsleppsløyve.

Administrasjonen vil vidare vise til drikkevannsforskriften §4 der det er nedlagt eit generelt forbod mot å forureine drikkevann. Forbodet gjeld også all aktivitet som medfører fare for slik forureining.

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Det er forbod mot å forureina drikkevatn. Forbodet omfattar alle aktivitetar, frå vassstilsigsområdet til tappepunktet, som medfører fare for at drikkevatnet blir forureina. Innanfor nedslagsfeltet kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.»

Klagar visar også til at kommunen ved teknisk drift har akseptert same løysing for naboeigedomen gbnr 182/8, og at han reknar med at kommunen handsamar innbyggjarane sine likt.

Det er eit grunnleggande forvaltningsprinsipp at like tilfelle skal handsamast likt. Tilfella må vere lik både faktisk og rettsleg, og samanlikningsgrunnlaget er eintydig og konsekvent praksis, jf. Rt-2011-111 (avsnitt 68). Forskjellshandsaming er berre tillatt dersom den er sakleg.

Saka på gbnr 182/8 gjeld søknad om endring av eksisterande avløpsløysing frå tett tank til minireinseanlegg. Eigedomen har i dag utslepp av svartvatn til tett tank og har søkt om å oppgradera avløpsløysinga til reining i minireinseanlegg i staden. Saka gjeld ikkje nytta eller auka utslepp frå eigedomen. Teknisk drift har i denne saka gitt uttale med omfattande krav til reining av aløpsvatnet. Det er ikkje fatta vedtak i saka som no er avslutta.

Administrasjonen vurderer at sakene på gbnr 182/8 og gbnr 181/11 ikkje er like, verken faktisk eller rettsleg. Saka på gbnr 181/11 gjeld auka utslepp, noko som ikkje er tilfelle for gbnr 182/8 der utsleppet er uendra i forhold til eksisterande situasjon. Det er heller ikkje fatta vedtak i saka, berre gitt ein uttale. Saka på gbnr 182/8 er no avslutta. Vurderinga er at det ikkje ligg føre usakleg forskjellshandsaming.

Administrasjonen viser vidare til uttalen frå miljøretta helsevern. Risikoen for forureining av hovudvasskjelda i kommunen, og dei konsekvensar det kan medføre er i ikkje i samsvar med gjeldande forskrifter. Dei vil tilrå at avslaget på utsleppsløyve vert oppretthalden.

Administrasjonen viser også til uttalen frå teknisk drift. Der vert det framheva at vurdering etter ny kommuneplan vert strengare og innskrenkar adgangen til auke av eksisterande utslepp i vesentleg grad. Dei vil dei ikkje tilrå at gbnr 181/11 gis auka utsleppsløyve.

Konklusjon

Krava til drikkevassforsyning, samt sikring og vern av vasskjeldene, har eit stadig større fokus. Det kan i den samanheng visast til drikkevannsforskriften frå 1. januar 2017, der det i paragraf 4 er nedlagt eit generelt forbod mot å forureine drikkevann, forbodet gjeld også all aktivitet som medfører fare for slik forureining. Saman med det rettslege rammeverket skal dei gjeldande føresegner knytt til kommuneplanen sin arealdel og klausuleringsføresegnene for området ivareta dette.

Søknaden om auka utslepp frå bustad på gbnr 181/11 vil vera i strid med både gjeldande plan for området og klausuleringsføresegnene.

Administrasjonen er fortsatt positiv til at eksisterande utsleppsløysingar i området vert oppgradert og vil kunne godkjenne ei oppgradering av eksisterande utslepp for eigedomen gbnr 181/1 på gjevne vilkår slik det vart fremja i avslaget.

Administrasjonen presiserer at kommunen har heimel i forurensningsforskriften § 12-14 og forurensningsloven § 18 til endre vilkår i løyve og om nødvendig kalle løyve tilbake utsleppsløyve til svartvatn til bustadhusa på gbnr 181/1 og utsleppsløyve til gråvatn på gbnr 181/11. Kommunen kan også krevje oppgradering av eksisterande avløpsanlegg på gbnr 181/11 og 181/1.

Det er administrasjonen/kommunen si vurdering at det ikkje har kome fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Aktuelt regelverk

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjenvært, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
6. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
8. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsommelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
			Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Saksframlegg i sak 16_378 - Klage på avslag på utsleppsløyve – gbnr 181_11 Torsheim	1358128	01.03.2020
Klage på vedtak om avslag på utsleppsløyve - GBNR 181/1 og 181/11 Torsheim	1340551	01.03.2020
Uttale klage på utsleppsløyve - GBNR	1355143	01.03.2020

Vedlagte saksdokument:

181/1 og 181/11 Torsheim Uttale i høve klage på avslag om utsleppsløyve frå Miljøretta helsevern - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim	1355721	01.03.2020
Tilbakemelding i forhold til møte - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358101	01.03.2020
Uttale til søknad om utvidaoppgradert utsleppsløyve innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelde til uttale - gbnr 1811 og (990121697)	1358102	01.03.2020
Uttale til søknad om utvidaoppgradert utsleppsløyve innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelda til uttale - Gbnr 1811 o(1636585666)	1358103	01.03.2020
Svar på førespurnad - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358104	01.03.2020
Vedkomande møte i sak - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358105	01.03.2020
Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim	1358106	01.03.2020
Vedkomande møte i sak - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358107	01.03.2020
Førebels svar på førespurnad om møte - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358108	01.03.2020
Uttale til søknad om utvidaoppgradert utsleppsløyve innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelde til uttale - Gbnr 1811 o(1636585666)	1358109	01.03.2020
Uten emne	1358110	01.03.2020
Ønskje om møte	1358111	01.03.2020
Uttale til søknad om utvidaoppgradert utsleppsløyve innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelde til uttale -	1358112	01.03.2020

Vedlagte saksdokument:

gbnr 1811 og(990121697)		
Kommentar til oppgradering av utslepp - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358113	01.03.2020
Søknad om utslepp eller økning av sanitært avløpsvatn frå bolig gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358114	01.03.2020
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 1811 og 11 Torsheim (ORG PDF)	1358115	01.03.2020
Søknad Olav Thorsheim GBnr	1358116	01.03.2020
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 1811 og 18111 Torsheim	1358117	01.03.2020
Opplysningar om tiltakets ytre rammer	1358118	01.03.2020
Søknad om utslepp eller økning av sanitært avløpsvatn frå bolig Nabovarsel	1358119	01.03.2020
Situasjonsplan	1358120	01.03.2020
Erklæring om ansvarsrett, gjennomføringsplan og samsvarserklæring	1358121	01.03.2020
Teknisk godkjenning	1358122	01.03.2020
	1358123	01.03.2020